

Frå

Utdanningsforbundet ved Rosslund skule
V/Einar Treutler-Onarheim, plasstillitsvald.

Til

Politikarar og administrasjon i Meland kommune

INNSPEL TIL MELAND KOMMUNE SITT BUDSJETT FOR 2016 -
INVESTERINGSPLAN 2016-2019

Rosslund skule har i mange år hatt svært dårleg inneklima. Fleire medlemmar av Utdanningsforbundet Meland har grunna sjukdom og allergiplager over lengre tid sett seg nøydt til å byte arbeidsplass.

Delar av skulen har fått nytt ventilasjonssystem, men framleis er administrasjonsfløyen utan ventilasjon. Denne fløyen inkluderer blant anna undervisningsrom for kunst og handtverk, fleire grupperom, bibliotek, kontor for helsesøster, arbeidsrom til små- og mellomtrinnet og kontor til administrasjonen. Vi har medlemmar som ikkje kan vere i desse romma.

Kommuneadministrasjonen hadde i tidlegare forslag til budsjett for 2016 sett av midlar til å utbetre ventilasjonen i administrasjonsbygget på skulen. I rådmannen sitt framlegg til økonomiplan er desse midlane utsette på ubestemt tid, og ligg ikkje inne i plan for 2016-2019.

Vi i Utdanningsforbundet ved Rosslund skule kjenner uro og frustrasjon over det dårlege inneklimaet i administrasjonsbygget ved skulen.

Vi føler oss utrygge fordi vi har kollegaer som blir sjuke, og fordi vi er redde for å bli sjuke sjølve.

Skulen vår har ry på seg for å ha eit godt arbeidsmiljø med tilsette som gjer sitt yttarste for elevane og medkollegaer kvar dag.

For å kunne bevare det gode samhaldet og for å sikre at vi klarer å yte 100 % for elevane, har vi behov for ein arbeidsplass med eit trygt og forsvarleg inn klima.

Utdanningsforbundet ved Rosslund skule ynskjer difor at kommunestyret og administrasjonen i Meland kommune opprettheld den tidlegare innstillinga om nye midlar til ventilasjonsanlegg til Rosslund skule i 2016.

Med beste helsing

Utdanningsforbundet ved Rosslund skule
V/Einar Treutler-Onarheim, plasstillitsvald.